

---

Vår referanse 2020/62432-2  
Dato 14.09.2020

---

Nils Dale  
Bjørnestadvegen 60  
5919 FREKHAUG

## Dispensasjon frå byggegrense - gnr 321 bnr 10 - Alver kommune

Vi viser til søknad datert 24.08.2020.

### Vedtak

Med heimel i veglova [§ 30](#) og [§ 34](#) gir vi dispensasjon frå byggegrensa mot fylkesveg 5320 for å oppføre tilbygg på gnr. 321 bnr. 10 i Alver kommune.

### Vilkår for dispensasjonen

1. Tiltaket skal vera i samsvar med situasjonsplan, datert 13.10.2015.
2. Avstanden frå tilbygg (inkludert takutspring) til senterlina på 5320 skal vera minst 21,9 meter.
3. Dersom tiltaket vil føra til endringar i samband med tilkomsttilhøva for eigedomen, må det framleis vera opparbeidd tilstrekkeleg areal til å kunne snu på eigedomen for å unngå rygging på offentleg veg. Siktkrav til eigedomen si avkøyrslø må følgjast.
4. Tilbygget må ikkje brukast til andre føremål enn det dispensasjonen gjeld.
5. Det kan ikkje krevjast erstatning for skadar og ulemper som følgje av at bygninga/innretninga ligg nær fylkesveg 5320.
6. Arbeidet må vera starta opp innan tre - 3 - år frå dispensasjonen er gitt, om ikkje fell dispensasjonen bort.

### Bakgrunn for vedtaket

Byggegrensene skal ta vare på trafikktryggleik, vedlikehald og drift av vegnettet, arealbehov ved ei eventuell utviding av vegen, og miljøet på eigedomane langs vegen.

Fartsgrensa på staden er 50 km/t, og ÅDT (årsdøgntrafikk) er 500 køyretøy. Haldningsklasse jf. Rammeplan er «mindre streng», det vil seie at vi normalt kan akseptere ei byggegrense på 30 meter frå vegmidte.

Tiltaket som er søkt om er ei hagestove montert på eksisterande terrasse, ca. 22 meter frå vegmidte på fylkesvegen. Tilbygget vil ikkje kome nærare vegen enn eksisterande bustad og garasje, det vil

ikkje kome i konflikt med siktliner eller bruk av fylkesvegen. Vi vurderer i dette konkrete tilfellet at vi kan gje dispensasjon frå byggegrensa slik det er søkt om.

#### Rett til å klage

Ein kan klage på vedtaket, jf. forvaltningslova [§ 28](#). Informasjon om å sette fram klage, går fram av skjemaet [«Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak»](#). Fristen for å klage er tre veker frå vedtaket vart motteke. Klageinstansen er Klagenemnda for Vestland fylkeskommune. Send klagen til Vestland fylkeskommune, [post@vlfk.no](mailto:post@vlfk.no) eller Postboks 7900, 5020 BERGEN. Klagen vil bli sendt vidare til klageinstansen.

Du har rett til å gjere deg kjent med saka sine dokument, jf. forvaltningslova [§ 18](#).

Med helsing

Hege Løtveit  
Leiar

Lillian Bakke Byrknes  
rådgjevar

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift*